

Møteprotokoll

Utval: Stølsheimen verneområdestyre
Møtestad: Kommunehuset, Vik
Dato: 09.02.2015
Tidspunkt: 10:30

Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Marta Finden Halset	Leiar	VIK
Hans Erik Ringkjøb	Nestleiar	VOSS
Oddvar Østerbø	Medlem	HØY

Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Karen Marie Hjølmeseter	MEDL	SFFK
Knut Moe	MEDL	MODA
Silje Hjemdal	MEDL	HOFK

Følgjande varamedlemmar møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Liv Anne Aanesen	Knut Moe	MODA
Henrik Oppen	Karen Marie Hjølmeseter	SFFK
Alexander Fosse Andersen	Silje Hjemdal	HOFK

Merknader

Møtet vart gjennomført som telefonmøte, på grunn av at Vikafjellet var stengt.

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Anbjørg Nornes	Sekretær

Andre:

Kristoffer Ullern Hansen

SNO, Aurland

Veronika Seim Bech

Landbrukssjef Vik kommune

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 1/15	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 2/15	Underskrift av protokoll frå forige møte		Utsett
ST 3/15	Stølsheimen landskapsvernområde - dispensasjon til kjentmannskøyting for Hordaland Røde kors, område 4		2013/5418
ST 4/15	Stølsheimen landskapsvernområde - klage på vedtak om dispensasjon til vassdragsregulering i Breidalselva i Ortnevik		2013/1592 Utsett
ST 5/15	Stølsheimen verneområdestyre - høyring - revidering av vedtekter for nasjonalpark-/verneområdestyre, samt stillingsinstruks for forvaltar		2014/4673 Utsett
ST 6/15	Stølsheimen verneområdestyre - høyring - forenkling av utmarksforvaltninga		2014/4618 Utsett
DS 1/15	Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til motorferdsle i samband med kontroll og vedlikehald av BKK sine installasjonar		2014/4705

Andre saker:

Møteplan 2015 for verneområdestyret vart utsett til neste møte. Neste møte er sett opp 27. februar i Bergen.

ST 1/15 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 09.02.2015

Handsaming i møte

Møtet vart gjennomført som telefonmøte på grunn av at Vikafjellet var stengt. Styreleiar kom med framlegg om ny dagsorden; behandla sak 1/15 og 3/15, utsetja sak 2/15, 4/14, 5/15 og 6/15 til neste møte. Neste møte er 27. februar. Framlegget frå styreleiar vart samrøystes godkjent.

Vedtak

Innkalling og ny dagsorden vart godkjent.

ST 2/15 Underskrift av protokoll frå forige møte

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 09.02.2015

Vedtak

Underskrift av protokoll vart utsett til neste møte.

ST 3/15 Stølsheimen landskapsvernområde - dispensasjon til kjentmannskøyning for Hordaland Røde kors, område 4

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 09.02.2015

Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

Vedtak

Stølsheimen verneområdestyre gjev Hordaland Kors Hjelpekorps, område 4 løyve til:

- 2 kjentmannstur med inntil ti snøskuterar innafor landskapsvernområdet på ruta frå Rv. 13 – Sendedalen – Kvanndalsskardet – Selhamar – Åsedalen – Solrenningane, Gullbrå til Kvanndalsskardet. Ruta er den same som vert kvista i regi av Bergen Turlag. 1 kjentmannstur frå Sendedalen til Engjaland.
- 1 kjentmannstur frå Engjaland til Torvedalen. Denne turen vert kombinert med transport til turisthytta til Voss Utfersdslag.
- Køyning kan gjennomførast i perioden frå 13. februar til og med torsdag 26. mars 2015.

Løyve er gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 48, og med fylgjande vilkår:

- Omfanget av snøskuterkøyning skal avgrensast til ruta som er skissert, og til det som er strengt naudsynt.
- Under køyning skal det takast omsyn til naturmiljø og friluftsliv.
- Seinast 12 timar før kjøringa startar, skal redningstjenesta senda melding om kjøringa (køyreordre) til lokal redningssentral jf. retningslinjer for kjentmannskøyning i verneområde. Redningssentralen informerer forvaltninga og Statens naturoppsyn om øvinga.
- Hordaland Røde Kors Hjelpekorps skal gje melding til Kristoffer Ullern Hansen på e-post kristoffer.ullern.hansen@miljodir.no eller mob. 97097720 om kjøringa seinast dagen før. Han vil gje melding om det må takast spesielle omsyn til verneverdiane, og om naudsynt utsette kjøringa av omsyn til villrein.
- Leiar for kjentmannsturen skal ha med kopi av dispensasjonen under kjøringa, og den skal leggjast fram ved kontroll.
- Innan 1. juni skal det sendast rapport til Stølsheimen verneområdestyre om omfanget av turane med dato, tal snøskuterar og køyrerute. Forvaltninga ber om at evt. observasjonar av villrein vert teke med i rapporten.

Me gjer merksam på at dette løyvet berre er handsama etter verneforskrifta, og at det i tillegg må innhentast samtykke frå grunneigarar.

DS 1/15 Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til motorferdsle i samband med kontroll og vedlikehald av BKK sine installasjonar